

SENTRALBORD:
53 48 21 30

REDAKSJONEN:
53 48 21 45

VAKTTELEFON:
53 48 21 31

ANNONSER:
53 48 21 35

24.05.2016

Valutakursar:

Dollar: 8,34 kroner.

Euro 9,35 kroner.

Britiske pund 12,10 kr

Baht 23,26 kroner

LME-pris aluminium:

1535 dollar per tonn.

Siste tre mnd. ÷ 3,3%



VÊRET

Det er berre å handla inn grillmat. Sommaren er her. Nydeleg vêr dei neste dagane med 18–20 grader og strålande sol. Jippi!!!

SOL & MÅNE

25. mai:
Sola opp kl. 4.38, i sør kl. 13.34, ned kl. 22.31. Dagen har auka 11 t 57 min. frå vintersolsnu. Månen opp kl. 0.23, i sør kl. 4.10, ned kl. 7.58.

26. mai:
Sola opp kl. 4.37, i sør kl. 13.34, ned kl. 22.33. Dagen har auka 12 t 1 min. frå vintersolsnu. Månen opp skl. 1.05, i sør kl. 5.01, ned kl. 9.01.

FLO OG FJØRE

25. mai:
Flo 1.45
Fjøre 7.51
Flo 14.07
Fjøre 20.03

26. mai:
Flo 2.21
Fjøre 8.33
Flo 14.48
Fjøre 20.45



PÅ FELTKURS: Studentar og tilsette ved UiB har gjort spennande funn i Rosendal. Frå venstre: Helene Dunlop, Heidi Jensseter, førsteamanuensis Peter Andersen, Ole Martin Nuven, professor Anders Lundberg, Kristian Haaland og Benedikte Dale.

Fann stor bestand av raudlista art

Geografi-studentar frå UiB gjorde spennande funn under feltarbeid i Rosendal førre veke.

Studentar og tilsette frå Universitet i Bergen var førre veke på feltkurs i Rosendal. Med base i Avlsgarden undersøkte og studerte dei område av naturen her, som eit ledd i arbeidet med å skriva bacheloroppgåve. Natur- og ressursforvaltning og klima var ein raud tråd i undersøkingane.

– Dette er andre året på rad vi legg dette miljøgeografiske feltkurset til Rosendal. Ikkje berre er det særskilt viktig her, men i tillegg er Folgefonnhalvøya full i spennande naturressursar, og ikkje minst folk som brukar desse naturressursane, eit forhold som er interessant for oss, fortalde professor Anders Lundberg.

Dei fem studentane jobba med tre ulike tema – raudlisteartar, svartelista artar og bioenergi knytt til skog. Sistnemte jobba Helene Dunlop og Heidi Jensseter med.

– Vi skriv om skogproduksjon og delvis forvaltning med tanke på bioenergi, og har intervjuet lokale informantar for å få eit innblikk i korleis kommunen følgjer opp klimaplanen, fortalde dei.

Førsteamanuensis Peter Andersen frå UiB la til at Kvinnherad er stor på fornybar energi, og at potensialet er endå større enn det som alt er teke i bruk.

– Så er det viktig å finna ein balansegang mellom bruk av naturressursane

og andre omsyn, som til dømes bevaring av urørt natur, sa han.

God vasskvalitet

Kristian Haaland og Ole Martin Nuven jobba med raudlista artar opp mot vassdirektivet EU har slutta seg til, og dei hadde gjort særskilt spennande funn.

– Ved Hattebergfossen fann vi det som til no er den største kjente forekomsten av den utryddingstruga flaummosen. Av det som er registrert, har det aldri før blitt funne så store mengder av denne mosen på éin plass, fortalde dei.

– Eit veldig spennande og interessant funn. Funnet indikerer også at det er god vasskvalitet i Hattebergsvassdraget, la professor Lundberg til.

Det han elles ikkje var så imponert over, var granfeltet som har vakse opp på begge sidene av fossen.

– Grana er eigentleg eit framandele-


ment i vestnorsk natur, og den spreiar seg uhemma. Skogbotn i granskogen er heilt daud, og dette er ikkje noko å dra turistar til. Det er derfor bra at det no ligg føre planar om å fjerna denne grana. Det vil gjera at Hattebergfossen kjem meir til sin rett.

Benedikte Dale skriv om svartelista artar. Ho hadde studert spisslønna, som blei planta som eit prydtre i baronihagen i si tid.

– Dette er òg eit framandelement i naturen her, som spreiar seg uhemma og med det fortrengr andre, naturlege artar. Dei veks særleg langs veg- og elvekantar. Langs Melselva var det fullt, fortalde Dale, som berre på eit lite område hadde funne 130 slike tre.

– Dei er fine, flotte prydtre, men her i Rosendal har den fått spreia seg altfor mykje. I lag med platanlønna, som vi gjorde ei undersøking på i fjor, er spisslønna i ferd med å kolonisera Rosendal, slik at stadlege artar ikkje får utfalda seg. Det kan bli eit større problem, meinte professor Lundberg.

Feltarbeidet er først og fremst gjort med tanke på å gi studentane erfaring med undersøking, analyse og forskning, men funna blir registrerte og vil difor kunne brukast mellom anna i høve til framtidig forvaltning.



STOR BESTAND: Den til no største kjente bestanden av flaummoser i Norge finn ein ved Hattebergfossen. (Foto: Professor Anders Lundberg).

ELISABETH BERG HASS

elisabeth@kvinnheringen.no